



Utlendingsdirektoratet

Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

SPRÅKRÅDET		
Saksnr. 2002500583	Dok.nr. 15	U.off.
Journaldato 30.11.09	Arkivkode 513	Saksbeh. SIG
Avskr kode BU	Dato 1.12.09	Signatur SIG

Deres ref: : 200500583-12

Vår ref: 09/3262-4/KJA

Oslo, 26.11.2009

## STATSBORGARBREV PÅ NYNORSK

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka. Utlendingsdirektoratet tek til etterretning tilrådinga frå Språkrådet om at statsborgarbrevet skal finnast på begge målformer. Som nemnt i vårt brev 27. august må vi bestille desse frå trykkeri då dei er skrevne på spesialpapir. Direktoratet vil no bestille ei større mengde slike brev på nynorsk, slik at søkjarar som fremmar søknaden på nynorsk, får statsborgarbrev på nynorsk.

Likeins legg vi opp til at søkjarar som har nytta søknadsskjema på nynorsk utan vidare vil få vedtaket på nynorsk. I år vil truleg over 11 000 personar få innvilga søknad om norsk statsborgarskap. At det vil kunne skje glippar med så mange saker kan vi diverre ikkje utelukke. Vi håpar likevel at auka medvete kring spørsmålet, mellom anna som følgje av denne saka, vil minske tilfelle feil til eit minimum.

Med helsing

  
Karl Erik Sjøholt  
avdelingsdirektør

  
Cecilie Sande Amundsen  
områdeleiar

Kopi: Kyrkje- og kulturdepartementet